

Retningslinjer for PhD-avhandlingar i ITEM

Forskarskulen ITEM har stipendiatar som arbeider innanfor eller på tvers af naturvitskaplege, humanistiske og samfunnsvitskaplege disiplinar. Retningslinjene til ITEM skal gjera det mogleg for den enkelte stipendiat å utarbeida ei avhandling som passer til de(t) fagfelt(er) avhandlinga vert skriven inn i.

1. Regelverk

Stipendiatar som vert opptekne i ITEM følgjer [forskrift](#) for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Universitetet i Stavanger samt [studieplan](#) for PhD-programmet i samfunnsvitskap same stad.

2. Avhandlinga si oppbygging

I følge PhD-forskrifta kan ei avhandling bli utforma på ulike måtar:

- Som eit lenger, samanhengande arbeid, kalla ein monografi.
- Som fleire mindre arbeid og ei kappe, som bind saman dei ulike arbeida; kalla ei artikkelbasert avhandling.

I omgrepet «Mindre arbeid» ligg vitskaplege tidsskriftsartiklar eller bokkapittel, som har gjennomgått fagfellevurdering / peer review. Tidsskrift og forlag må vera oppført i Det nasjonale publiseringsutvalet sine lister over godkjente publiseringskanalar.

3. Omfanget til avhandlinga

Monografi og artikkelbasert avhandling skal maksimalt ha eit omfang på 100.000 ord inklusiv samandrag og noter, men unntatt litteraturliste og appendiks. Dersom avhandlinga overskrid det tillate omfanget, kan det sendast ein søknad om dispensasjon til leiar av forskarskulen som grunnjev overskriddinga. Nedre grense for lengda på avhandlinga er ikkje fastsett.

I materialbaserte monografiar kan det vera behov for større appendiksar med katalogar, illustrasjonar, kart, materialoversikter, tabellar, intervjuutskrifter, mm.

Ifølge reglane i studieplanen for artikkelbasert avhandlingar skal denne bestå av minst 3 artiklar og ein samanhengande tekst (kappe). Minst 3 artiklar skal ha stipendiaten som førsteforfattar, og minst 2 artiklar skal vera innsendt til publisering og under fagfellevurdering når avhandlinga vert innlevert for bedømming. Det anbefalast at minst 1 artikkel er akseptert for publisering.

4. Medforfattarskap

Artikkelbasert avhandlingar kan innehalda 1 eller fleire artiklar, som stipendiaten har samskrive med andre forfattarar. Stipendiaten må vera førsteforfattar på minst 3 artiklar og ha hovudansvar for det vitskaplege arbeidet. Kappa skal skrivast av stipendiaten. Både stipendiat og medforfattar(ar) bør setja seg inn i og følgja Vancouver-reglane for medforfattarskap.